



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

TILSYNSRAPPORT

Del 1: Skulen sitt arbeid med elevane
sitt utbytte av opplæringa

Del 2: Forvaltningskompetanse

Bokn kommune – Bokn skule og barnehage

Dato: 22.desember 2015

Innhald

1. Innleiing	4
2. Om tilsynet med Bokn kommune – Bokn skule og barnehage	4
2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular.....	4
2.2 Tema for tilsyn – del 1	4
2.3 Tema for tilsynet - del 2.....	5
2.4 Om gjennomføringa av tilsynet	5
2.5 Eigenvurdering	6
2.6 Gangen i tilsynet.....	6
Del 1 – Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa	6
3. Skulens arbeid med opplæringa i fag	6
3.1 Rettslege krav.....	6
3.2 Fylkesmannen sine undersøkingar	8
3.3 Fylkesmannen sine vurderingar.....	8
3.4 Fylkesmannen sin konklusjon	10
4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte.....	10
4.1 Rettslege krav.....	10
4.2 Fylkesmannens undersøkingar	12
4.3 Fylkesmannens vurderingar.....	12
4.4 Fylkesmannens konklusjon	12
5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning	13
5.1 Rettslege krav.....	13
5.2 Fylkesmannens undersøkingar	14
5.3 Fylkesmannens vurderingar.....	14
5.4 Fylkesmannens konklusjon	14
6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring	15
6.1 Rettslege krav.....	15
6.2 Fylkesmannens undersøkingar	15
6.3 Fylkesmannens vurderingar.....	15
6.4 Fylkesmannens konklusjon	16
Del 2 – Forvaltningskompetanse – avgjerder om særskilt tilrettelegging	16
7. Generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak.....	16
7.1 Rettslege krav.....	16
7.2 Fylkesmannens undersøkingar	17

7.3 Fylkesmannens vurderingar	17
7.4 Fylkesmannens konklusjon	19
8. Enkeltvedtak om spesialundervisning	19
8.1 Rettslege krav	19
8.2 Fylkesmannens undersøkingar	20
8.3 Fylkesmannens vurderingar	20
8.4 Fylkesmannens konklusjon	21
9. Enkeltvedtak om særskild språkopplæring	22
9.1 Rettslege krav	22
9.2 Fylkesmannens undersøkingar	23
9.3 Fylkesmannens vurderingar	23
9.4 Fylkesmannens konklusjon	23
10. Frist for retting av lovbrøt	23
11. Kommunen sin frist til å rette	25
Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget	26

1. Innleiing

Fylkesmannen opna 26.03.2015 tilsyn med skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa ved Bokn skule og barnehage i Bokn kommune.

Felles nasjonalt tilsyn 2014-17 handlar om skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa og består av tre område for tilsyn: Skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa, forvaltningskompetanse og skulebasert vurdering. Utdanningsdirektoratet har utarbeidd rettleiingsmateriell¹ knytt til tilsynet, og Fylkesmannen har gjennomført informasjons- og rettleiingssamlingar.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir etterlevde, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Kommunen er derfor adressat for denne førebelse tilsynsrapporten.

I denne tilsynsrapporten er det fastsett frist for retting av lovbrøt som er avdekte under tilsynet. Fristen er **31.03.2016**. Dersom lovbrøta ikkje er retta innan fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting med heimel i kommunelova § 60 d. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

2. Om tilsynet med Bokn kommune – Bokn skule og barnehage

2.1 Fylkesmannen fører tilsyn med offentlege skular

Fylkesmannen fører tilsyn med kommunen som offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd. Fylkesmannens tilsyn på opplæringsområdet er tilsyn med det lovpålagde, jf. kommunelova § 60 b.

Fylkesmannen sine tilsyn med offentlege skular er utøving av myndigheit og skjer i samsvar med reglane for dette i forvaltningsretten.

I dei tilfella der Fylkesmannen konkluderer med at eit rettsleg krav ikkje er oppfylt, blir dette sett på som lovbrøt, uavhengig av om det er opplæringslova eller forskrifter fastsette i medhald av denne lova som er brotne.

2.2 Tema for tilsyn – del 1

Det fyrste temaet for tilsynet er retta mot kjerneverksemda ved skulen: skulens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa. Det overordna føremålet med tilsynet er å medverke til at alle elevar får eit godt utbytte av opplæringa.

Hovudpunkt i tilsynet er:

- Skulens arbeid med opplæringa i fag
- Undervegsvurdering for å auke elevane sitt læringsutbytte
- Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning
- Vurdering av behov for særskild språkopplæring

¹ <http://www.udir.no/Regelverk/Tilsyn/Tilsyn/Rettleiingsmateriell-for-felles-nasjonalt-tilsyn-2014-2017/>

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skuleeigar syter for at elevane:

- får kjennskap til og opplæring i måla som gjeld for opplæringa
- får tilbakemeldingar og blir involverte i eige læringsarbeid for å auke utbyttet av opplæringa
- får vurdert kontinuerleg kva for utbytte dei har av opplæringa
- blir følgde opp og får nødvendig tilrettelegging når utbyttet av opplæringa ikkje er tilfredsstillande

Manglande etterleving av regelverket kan føre til at elevane ikkje får realisert evnene sine eller får lite utbytte av opplæringa.

2.3 Tema for tilsynet - del 2

Denne delen av tilsynet omhandlar skulen sin forvaltningskompetanse i avgjerder om særskilt tilrettelegging av opplæringa. Særskilt tilrettelegging for elevar inneber ofte avvik frå det ordinære opplæringstilbodet og er enkeltvedtak etter lova.

Hovudpunkt i tilsynet er:

- generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak
- enkeltvedtak om spesialundervisning
- enkeltvedtak om særskilt språkopplæring

Det overordna føremålet med det nasjonale tilsynet er å medverke til at elevar får eit godt utbytte av opplæringa. For å sikre dette for alle elevar, er elevar med behov for særskilt tilrettelegging gitt egne rettar i opplæringslova.

Tilsynet skal medverke til at kommunen som skuleeigar sørgjer for at skulen

- sikrar eleven sin rettstryggleik gjennom å involvere elevar og foreldre i vurderingane før skulen tek avgjerder om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet
- følgjer reglane for innhald i enkeltvedtak
- sørgjer for å vurdere og kartleggje eleven sitt behov på ein fagleg forsvarleg måte
- gjer vedtak som gir gode føringar for å leggje til rette innhaldet i opplæringa

Manglande forvaltningskompetanse i avgjerder om særskilt tilrettelegging av opplæringa kan føre til at elevane ikkje får sikra rettane sine. Det kan òg føre til at avgjerdene ikkje gir gode faglege føringar for innhaldet i opplæringa. Elevane står då i fare for å få ei opplæring som ikkje gir eit forsvarleg utbytte.

Det er berre utvalde delar av saksbehandlingsreglane for enkeltvedtak som blir kontrollerte i tilsynet. Opplæringslova og forskrift til lova har òg krav som gjeld spesialundervisning, punktskriftopplæring og særskilt språkopplæring som ikkje er inkluderte i dette tilsynet.

2.4 Om gjennomføringa av tilsynet

Tilsyn med Bokn kommune vart opna gjennom brev 26.03.2015. Fylkesmannen har kravd at kommunen legg fram dokumentasjon med heimel i kommunelova § 60 c.

Fylkesmannens vurderingar og konklusjonar er baserte på skriftleg dokumentasjon og opplysningar frå intervju, sjå vedlegg.

2.5 Eigenvurdering

Dokumentasjonen skulen har sendt inn er hovudsakleg valt ut for å underbyggje svara som rektor, ansvarleg for spesialundervisninga og lærarar har gitt i eigenvurderingsskjema. Føremålet med eigenvurdering er mellom anna å setje i gang endringsprosessar på skulen og hos skuleeigar på dei områda eigenvurderinga konkluderer med manglande regeletterleving. Eigenvurderinga er med det også meint å ha ein kompetansehevande funksjon.

Når eigenvurderingsskjema etter dette blir omtala i tilsynsrapporten, nyttar Fylkesmannen kortforma EVS.

Innhaldet i EVS er knytt opp til temaet for tilsynet. Lærarar og rektor har svart «ja» eller «nei» på spørsmåla som vert stilte i EVS. Svara måtte underbyggjast med skriftleg dokumentasjon. Dokumenta det blei vist til i EVS og øvrig dokumentasjonen Fylkesmannen bad om, er dokumentasjonen Fylkesmannen har vurdert i tilsynet.

2.6 Gangen i tilsynet

26.03.15	Opning av tilsynet
29.04.15	Rettleiing
02.10.15	Frist for gjennomføring av eigenvurdering og innsending av dokumentasjon
28.10.15	Opningsmøte og intervju
03.12.15	Førebels tilsynsrapport og varsel om pålegg
07.12.15	Sluttmøte
17.12.15	Frist for å gi merknader til varsel og førebels rapport
22.12.15	Endeleg tilsynsrapport
31.03.16	Frist for å rette varsla pålegg

Del 1 – Skulen sitt arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa

3. Skulens arbeid med opplæringa i fag

3.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med opplæringa i fag. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Rektor skal sikre at innhaldet i opplæringa er knytt til kompetansemål i faget

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK06), jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. Det vil seie at opplæringa skal ha eit innhald som byggjer på kompetansemåla i læreplanen og

medverkar til at dei blir nådde. Rektor må organisere skulen slik at dette blir sikra, jf. opplæringslova § 2-3.

Rektor skal sikre at undervisningspersonalet tek vare på eleven sin rett til å kjenne til mål for opplæring og kva som blir vektlagt i vurderinga av eleven sin kompetanse

Underevgsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen og medverke til å forbetre opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2. Eleven skal kjenne til kva som er måla for opplæringa og kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane må kjenne til kompetansemåla i læreplanane for faga, og at dei er grunnlaget for vurderinga av eleven sin kompetanse. Dei skal òg kjenne til kva læraren legg vekt på når læraren vurderer ein prestasjon. Frå og med 8. trinn skal elevane kjenne til kva som skal til for å oppnå dei ulike karakterane. Kravet til at dette skal vere kjent, inneber noko meir enn at informasjonen er tilgjengeleg for elevane. Rektor må organisere skulen for å sikre at undervisningspersonalet formidlar dette til elevane.

Rektor skal sikre at opplæringa dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet / i faget og dei individuelle opplæringsmåla i IOP.

Undervisningspersonalet skal leggje til rette og gjennomføre opplæringa etter LK06, jf. opplæringslova § 2-3 og forskrift til opplæringslova § 1-1. For dei fleste fag i grunnskulen og for nokre fag i vidaregåande skule er kompetansemåla førte opp per hovudtrinn eller etter fleire års opplæring. I slike tilfelle må rektor sikre at elevane får opplæring i alle kompetansemåla i faget på hovudtrinnet gjennom opplæringsløpet. Opplæringslova § 5-5 heimlar at ein elev som får spesialundervisning, kan ha unntak frå kompetansemåla i dei ordinære læreplanane. Gjeldande opplæringsmål for eleven skal da gå fram av ein individuell opplæringsplan (IOP). I slike tilfelle må skulen sikre at opplæringa for eleven dekkjer dei individuelle måla.

Alle elevar som har vedtak om spesialundervisning, skal ha IOP.

Skulen skal utarbeide ein individuell opplæringsplan (IOP) for alle elevar som får spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-5. Det må gå fram av IOP-en kva for tidsintervall han gjeld for.

Innhaldet i IOP-en skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa og synleggjere eventuelle avvik frå LK06.

IOP-en skal vise mål for og innhaldet i opplæringa og korleis opplæringa skal gjennomførast, jf. opplæringslova § 5-5. Reglane for innhald i opplæringa gjeld så langt dei passar for spesialundervisninga. Det kan føre til at måla for opplæringa avvik frå kompetansemåla i læreplanane i LK06.

Før skulen/kommunen gjer eit enkeltvedtak om spesialundervisning, skal PPT utarbeide ei sakkunnig vurdering. Den sakkunnige vurderinga skal gje tilråding om innhaldet i opplæringa, mellom anna realistiske opplæringsmål for eleven, og kva for opplæring som gjev eleven eit forsvarleg opplæringstilbod. Vedtaket om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige

vurderinga, og eventuelle avvik må grunnjevast. Vedtaket om spesialundervisning fastset rammene for opplæringa og dermed innhaldet i IOP-en. IOP-en kan først takast i bruk etter at det er gjort enkeltvedtaket om spesialundervisning.

IOP-en må ha eigne mål for opplæringa når eleven si opplæring vik av frå LK06, og skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å sikre at IOP-en er samordna med planane for den ordinære opplæringa i klassen.

Reglane om innhald i opplæringa (kompetansemåla i læreplanane) gjeld for spesialundervisning så langt dei passar, jf. § 5-5 i opplæringslova. Skulen skal leggje vekt på utviklingsmoglegheitene for eleven og dei opplæringsmåla som er realistiske innafor det same totale undervisningstimetallet som for andre elevar, jf. opplæringslova § 5-1. Den individuelle opplæringsplanen skal vise måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5. Dersom vedtaket om spesialundervisning ikkje inneheld avvik frå LK06, eller berre har færre kompetansemål i eit fag enn i den ordinære læreplanen, må dette òg komme klart fram i IOP-en. Det må òg komme klart fram i kva for fag eller delar av fag eleven eventuelt skal følgje ordinær opplæring (i klassen). Skulen må ha ein framgangsmåte som opplyser om korleis ein skal sjå spesialundervisninga og den ordinære opplæringa i samanheng / arbeide saman i slike tilfelle. Framgangsmåten må vere kjent og innarbeidd av dei som har ansvaret for å utvikle IOP-en og for å gjennomføre opplæringa.

3.2 Fylkesmannen sine undersøkingar

Rektor, lærarar i norsk, matematikk og naturfag, og ansvarleg for spesialundervisning har fylt ut eigenvurderingsskjema (EVS) der dei grunngir kvifor dei meiner at dei oppfyller, eventuelt ikkje oppfyller, krava til opplæring og elevvurdering, og har lagt ved dokumentasjon for å underbygge dette. EVS, saman med plandokument, rutinar, og intervju dannar grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar. Skulen har også lagt fram sakkunneige vurderingar, vedtak om spesialundervisning og individuelle opplæringsplanar for to elevar.

3.3 Fylkesmannen sine vurderingar

Rektor skal ha eit system som sikrar at opplæringa som blir gitt ved skulen er knytt til kompetansemåla i læreplanane for faga, og at alle måla blir dekte i løpet av eit hovudtrinn. Rektor skal også sikre at alle måla, slik dei står i IOP for elevar med spesialundervisning, blir dekte. Bogn skule og barnehage har m.a. *Rutinar for utarbeiding av halvårsplan, vekeplan og oppfølging av halvårsrapportar*. Rektor samlar inn halvårsplanar og kontrollerer vekeplanar som ligg tilgjengeleg på It's learning, og held slik oversikt over opplæringa som blir gitt, både på kort sikt og samla sett. I tillegg blir det levert halvårsrapportar for alle elevar ved skulen kvar haust og vår. For elevar med spesialundervisning har skulen *Rutine for utarbeiding av IOP*, og rektor kontrollerer at innhaldet i IOP samsvarar med enkeltvedtaket i høve til opplæringa som blir gitt.

Elevar har rett til å gjerast kjende med måla for opplæringa og kva som blir vektlagd i vurderinga av kompetansen deira. Rektor skal ha eit system for å sikre at det skjer. *Rutine for halvårsplan og vekeplan* som nemnt over syner måla for opplæringa for eleven. I *Rutinane for elevvurdering og elevsamtale* går denne retten tydeleg fram. Det går også fram at kontaktlærar skal drøfte eleven sin noverande kompetanse i høve til måla, og korleis eleven kan utvikle

denne vidare. Lærarane skal signere på at dei har gjennomført undervegsvurdering i tråd med forskriften, og at dei har gjennomført strukturerte samtalar med elev åleine og med elev og foresett, som pålagt.

Det er eit rettsleg krav at rektor skal sikre at opplæringa samla skal dekke individuelle opplæringsmål i IOP. Fylkesmannen har fått tilsendt to individuelle opplæringsplanar (IOP-ar). Begge gjeld for inneverande skuleår. Dei byggjer begge på sakkunnige vurderingar som rår til at elevane skal jobbe med dei same kompetansemåla som resten av klassen. Elevane har i tillegg eigne læringsmål som skal hjelpe dei å nå kompetansemåla i læreplanen. Malen som skulen bruker for IOP, inneheld ein arbeidsplan som beskriv den spesialpedagogiske opplæringa. Det går fram av intervju og EVS at rektor sjekkar at opplæringa er i tråd med måla i IOP. Rektor nyttar også halvårsplanane for fag for å sikre at opplæringa er i tråd med måla i LK06. Dei to dokumenta *Rutine for utarbeiding av halvårsplanar ved Bokn Skule* og *Rutine for utarbeiding av IOP* fastslår at kompetansemål og eigne opplæringsmål skal stå i halvårsplanar og IOP, og at det er rektor sitt ansvar. Etter Fylkesmannens vurdering viser dette at rektor sikrar at opplæringa samla dekkjer individuelle opplæringsmål i IOP.

Det går fram av *Rutine for utarbeiding av IOP* at skulen skal utarbeide individuell opplæringsplan for alle elevar som har vedtak om spesialundervisning. Kontaktlærer skal gjere dette årleg i samarbeid med spesiallærer. IOP, EVS og intervju stadfestar at dette blir gjort i praksis. Fylkesmannen si vurdering er at Bokn skule kvart år utarbeider IOP for alle elevar som har rett til spesialundervisning.

Av dei rettslege krava går det fram at innhaldet i IOP skal samsvare med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa. Det vil seie at omfanget, det konkrete innhaldet, eventuelle avvik frå læreplanverket, organiseringa og kompetansen hos undervisningspersonale skal vere i samsvar med det som er fastsett i enkeltvedtaket. Etter Fylkesmannen si vurdering er det samsvar mellom enkeltvedtaket og omfanget av spesialundervisninga for begge elevane. Det går fram av enkeltvedtak og IOP kva kompetanse personalet skal ha. Vidare går det fram av enkeltvedtaka at elevane skal følgje dei same kompetansemåla som klassen. I den eine arbeidsplanen for IOP går det likevel fram at eleven skal følgje kompetansemål på eit lågare nivå enn klassen. I eit av faga for denne eleven går det ikkje fram av IOP kva innhald opplæringa skal ha. Fylkesmannen si vurdering er derfor at innhaldet i IOP ikkje alltid samsvarer med innhaldet i enkeltvedtaket.

Dei rettslege krava viser at skulen skal ha ein innarbeid framgangsmåte for å sikre at IOP er samordna med den ordinære opplæringa i klassen. Det er presisert i *Rutine for utarbeiding av IOP* at rektor skal lese gjennom og sikre at IOP-en er i samsvar med planane for klassen. Intervju og EVS bekrefter at skulen samordnar måla i IOP med klassen sine planar.

3.4 Fylkesmannen sin konklusjon

Rektor sikrar

- at undervisningspersonalet knyter innhaldet i opplæringa til kompetansemål i fag
- at undervisningspersonalet tar vare på eleven sin rett til å kjenne mål for opplæringa, kva som blir lagt vekt på i vurderinga av kompetansen og kva som er grunnlaget for vurderinga
- at opplæringa samla dekkjer alle kompetansemåla på hovudtrinnet
- at opplæringa dekkjer individuelle mål fastsette i IOP

Bokn skule og barnehage

- utarbeider kvart år IOP for alle elevar som har rett til spesialundervisning
- sikrar ikkje at innhaldet i IOP samsvarar med innhaldet i enkeltvedtaket
- utarbeider eigne mål for opplæringa der denne avvik frå kompetansemåla i læreplanverket
- har ein systematisk framgangsmåte som sikrar at IOP er samordna med planane for den ordinære opplæringa i klassen.

4. Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

4.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte av opplæringa. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og/eller i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Elevane skal få rettleiing i kva for kompetansemål frå LK06 eller mål i IOP-en som opplæringa er knytt til.

Elevane skal bli kjende med måla for opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Dette gjeld for alle årstrinn og gjeld òg for elevar med individuelle mål i ein IOP. Elevane skal bli i stand til å forstå kva dei skal lære, og kva som er formålet med opplæringa. Lærarane gjennomfører opplæringa og må kommunisere dette til elevane.

Elevane skal få rettleiing i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget.

Eleven skal kjenne til kva som blir vektlagt i vurderinga av hans eller hennar kompetanse, jf. forskrift til opplæringslova § 3-1. Det inneber at elevane skal kjenne til kva som kjenneteiknar ulik grad av kompetanse, og kva det blir lagt vekt på i vurderinga av ein prestasjon. Kravet til at det skal vere kjent for eleven, inneber at det ikkje held at informasjonen ligg på Internett, eller at ein kan få informasjonen ved å spørje læraren. Lærarane må kommunisere grunnlaget for vurderinga til elevane.

Elevane skal få tilbakemeldingar om kva dei meistrar, og rettleiing i kva dei må gjere for å auke sin kompetanse.

Vurderinga undervegs i opplæringa skal gje god tilbakemelding og rettleiing til eleven og vere ein reiskap i læreprosessen, jf. forskrift til opplæringslova § 3-2. Undervegsvurdering skal medverke til at eleven aukar kompetansen sin i fag, jf. forskrifta § 3-11. Undervegsvurderinga skal elevane få løpande og systematisk, ho kan både vere skriftleg og munnleg, skal innehalde grunngeven informasjon om kompetansen til eleven og skal gjevast med sikte på fagleg utvikling.

Elevane skal involverast i vurderinga av eige læringsarbeid.

Elevane skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. forskrift til opplæringslova § 3-12. Lærarane må syte for at elevane blir involverte i dette. Eleven si eigenvurdering skal vere ein del av undervegsvurderinga.

Elevane skal frå og med 8. årstrinn få halvårsvurderinga utan karakter midt i opplæringsperioden i alle fag og på slutten av opplæringsåret i fag som ikkje er avslutta. Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane i halvårsvurderinga gjev informasjon om elevane sin kompetanse i faga og rettleiing om korleis elevane kan auke kompetansen sin.

Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal uttrykkje eleven sin kompetanse knytt til kompetansemåla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 3-13. Halvårsvurdering skal òg gje rettleiing i korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.

Halvårsvurdering utan karakter skal elevane få gjennom heile grunnopplæringa og gjeld alle elevar uavhengig av vedtak og type opplæring. Det er ikkje sett krav til kva form vurderinga skal ha. Vurderinga kan derfor vere både skriftleg og munnleg. Frå og med 8. årstrinn skal vurderinga gjennomførast midt i opplæringsperioden. Frå og med 8. årstrinn skal elevane få vurdering utan karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Frå 8. årstrinn skal elevane i tillegg ha halvårsvurdering med karakter midt i opplæringsperioden og på slutten av året dersom faget ikkje blir avslutta.

Skulen må gjennomføre halvårsvurderinga utan karakter på riktige tidspunkt og ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at vurderinga til lærarane har eit innhald i samsvar med forskrifta.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut frå måla i IOP-en.

For elevar med spesialundervisning skal skulen, i tillegg til halvårsvurdering med og utan karakter, ein gong i året utarbeide ein skriftleg rapport. Rapporten skal mellom anna gje vurdering av eleven si utvikling i forhold til måla i IOP, jf. opplæringslova § 5-5.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at elevane får årsrapportar på riktige tidspunkt og at årsrapportar har eit innhald i samsvar med forskrifta.

4.2 Fylkesmannens undersøkingar

Grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er som nemnt under 3.2.

4.3 Fylkesmannens vurderingar

Intervju og halvårsplanar, veke- og temaplaner syner at elevane får rettleiing i kva for mål opplæringa er knytt til, og at desse måla er henta direkte frå fagplanane eller tar utgangspunkt i desse. I målplanen for eit av faga går det fram læringsmål knytte til eit spesifikt tema. Desse kunne ha vore betikna som vurderingskriterium fordi dei peiker konkret på kva eleven skal kunne. Det ville ha vore teneleg med ei vidareutvikling av desse slik at det gjekk tydelegare fram kva som blir kravd for å oppnå dei ulike karakterane, eller grader av måloppnåing. Fylkesmannen meiner likevel at dei er tilstrekkelege i høve til å rettleie elevane i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faget. Dei er og eigna som kriterium på relevant kompetanse i høve til kompetansemål i fagplanen, og er difor eit godt utgangspunkt for lærar i å gi tilbakemeldingar om elevanes kompetanse, og kva dei bør jobbe med for å kompetansen sin.

Eleven skal vere involvert i vurdering av eige læringsarbeid. Dette står også spesifisert i *Rutine for elevsamtale*. Det går likevel fram i fleire av intervjua at det ikkje skjer i særleg grad, eller som ein fast og systematisk del av vurderingsarbeidet i faget.

Av *Rutine for elevvurdering* kjem det fram at skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at elevar frå og med 8. årstrinn får halvårsvurdering med og utan karakter kor eleven både får informasjon og eigen kompetanse i faga, men og rettleiing i korleis denne kompetansen kan aukast. Det går også fram av nemde rutine at elevar med IOP får halvårsvurdering utan karakter.

Det er eit rettsleg krav at elevar med individuell opplæringsplan skal få rettleiing i kva mål i IOP opplæringa er knytt til. Intervjuer og EVS viser at det er eit mål for skulen at alle elevar med IOP skal bli gjort kjent med måla for opplæringa.

Det er eit krav at skulen skal ha innarbeidd framgangsmåte som sikrer at årsrapporten inneheld ei vurdering av utviklinga til eleven ut fra måla i IOP. Det er ikkje sendt inn eksempel på årlege vurderingar av elevar med IOP, men Fylkesmannen har tidlegare motteke årsrapport i tilknytning til klagesak frå kommunen. Vi vel å leggje denne til grunn også for tilsynet, som døme på at skulen utarbeider årsrapportar for elevar med IOP. I *Rutiner for vurdering av spesialundervisning* står det at skulen skal vurdere eleven sin utvikling årleg. Mål, tiltak og evaluering står i arbeidsplanen i IOP. Desse blir i følge intervju overførte til årsrapporten. Alle mål blir evaluerte og grad av måloppnåing skal skrivast inn her. Med bakgrunn i dei innsendte dokumenta og opplysningar gitt i intervju, meiner Fylkesmannen at det er sannsynleggjort at elevar med IOP får ein årleg rapport, og at han seier noko om kor langt eleven er komen i høve til måla og vegen vidare.

4.4 Fylkesmannens konklusjon

- Lærarane rettleier elevane i kva kompetansemål opplæringa er knytt til
- Lærarane rettleier elevane i kva det blir lagt vekt på i vurderinga i faga
- Lærarane gir elevane tilbakemelding på kva dei meistrar i faga
- Lærarane rettleier elevane i kva dei må gjere for å auke kompetansen sin i faga

- Lærarane sørgjer ikkje alltid for å involvere elevane i eige læringsarbeid
- Skulen har ein skriftleg og innarbeidd framgangsmåte for at elevane får halvårsvurderingar og årsrapportar
- Lærarane rettleier elevane i kva mål frå IOP opplæringa er knytt til
- Skulen har ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at årsrapporten inneheld ein vurdering av eleven sin utvikling ut frå måla i IOP

5. Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

5.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at lærarane systematisk og løpande vurderer om alle elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Læraren skal, som ein del av undervegsvurderinga, vurdere om den enkelte eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. forskrift til opplæringslova § 3-11. Skulen må ha ein kjent og innarbeidd framgangsmåte slik at lærarane systematisk og løpande vurderer om elevane har tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte som sikrar at arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø blir vurdert for elevar som ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, og skulen må vurdere og eventuelt gjennomføre tiltak innafor tilpassa opplæring.

Alle elevar har krav på tilpassa opplæring, jf. opplæringslova § 1-3. Dersom ein elev ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skulen først vurdere og eventuelt prøve ut tiltak innafor det ordinære opplæringstilbodet, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må sjå på om tiltak knytte til arbeidsmåtar, vurderingspraksis og arbeidsmiljø kan medverke til at eleven får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Framgangsmåten for dette må vere kjent og innarbeidd. Dette skal skulen gjere før eleven eventuelt får tilvising til PPT for ei sakkunnig vurdering med tanke på spesialundervisning.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og sikre at lærarane melder behov for spesialundervisning til rektor.

I nokre tilfelle vil skulens vurdering og eventuelle utprøving av tiltak etter opplæringslova § 5-4 konkludere med at eleven ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa innafor det ordinære opplæringstilbodet. Eleven har då krav på spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-1. Det er viktig at prosessen for å kunne gi spesialundervisning blir starta så snart som mogleg etter at behovet for dette er avdekt. Undervisningspersonalet har derfor både plikt til å vurdere om ein elev treng spesialundervisning og å melde frå til rektor når det er behov for

det, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen må ha ein framgangsmåte som er kjent og innarbeidd blant lærarane slik at dei vurderer og melder behov for spesialundervisning.

5.2 Fylkesmannens undersøkingar

Grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar er som nemnt under 3.2.

5.3 Fylkesmannens vurderingar

Rutine for elevvurdering og *Rutine for vurdering av spesialundervisning* viser at skulen systematisk vurderer alle elevar sin grad av måloppnåing. Skulen nyttar mellom anna Carlsten og ordkjedetest. Intervju viser at alle resultat frå kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar og liknande blir samla i eit digitalt område for testresultat. Her får skulen ein oversikt over kvar elev sine resultat over tid. Rektor har møte med alle kontaktlærarane to gongar i halvåret for å diskutere kvar enkelt elev sitt utbytte av opplæringa med særleg fokus på elevar med utfordringar. PPT -kontakt er med på eit av desse møta.

Lærar legg til rette og varierer eiga undervisning for å betre eleven sitt utbytte. Opplæringa for desse elevane blir også diskutert på avdelingsmøte, der dei ser på arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljøet til eleven. Skulen set i verk det dei kallar «forsterkingstiltak» dersom dei finn behov for det. Døme på dette kan vere lesekurs for mindre elevgrupper. Intervju viser at spes.ped.ansvarleg ofte blir kontakta og involvert på eit tidleg tidspunkt. Skulen har innarbeidd rutinar dersom lærarar opplever at enkeltelevar ikkje har tilstrekkeleg utbytte av den ordinære opplæringa.

Skulen nyttar *Rutine for vurdering av spesialundervisning* dersom dei ikkje merker forbetring av eleven sitt utbytte av opplæringa etter gjennomføring av ulike tiltak. Rutinen viser framgangsmåte og ansvarsfordeling og at rektor skal bli varsla. Intervju viser at rutinen blir følgd.

Det er Fylkesmannen si vurdering at skulen har ein rutine for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning og at lærarane melder frå til rektor.

5.4 Fylkesmannens konklusjon

- Skulen har innarbeidd framgangsmåte for å sikre at lærarne systematisk og løpande vurderer om alle elevar har tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- Skulen har innarbeidd framgangsmåte for å sikre at det for elevar som ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, blir gjennomført ei vurdering av arbeidsmåtar, vurderingspraksis og læringsmiljø
- Skulen gjennomfører tiltak der det er avdekt at elevane ikkje har tilfredsstillande utbytte av opplæringa
- Skulen har innarbeidd framgangsmåte for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og at lærarane melder behov om spesialundervisning til rektor

6. Vurdering av behov for særskild språkopplæring

6.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava for tilsynet med skulens arbeid med å vurdere behov for særskild språkopplæring. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og i forskrift til opplæringslova krava er knytte til.

Skulen må ha ein innarbeidd framgangsmåte for å kartleggje elevane ferdigheitene sine i norsk. For elevar med behov for særskild norskopplæring må ein innarbeidd framgangsmåte sikre at det blir vurdert om eleven òg har behov for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring.

Elevar i grunnopplæringa med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følge den ordinære opplæringa på skulen, jf. opplæringslova § 2-8. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Kommunen har ansvaret for at kartlegginga av norskferdigheitene til eleven blir gjort før vedtaket om særskild språkopplæring. I dei fleste tilfella er det skulen som gjennomfører kartlegginga. Skulen må òg vurdere om eleven eventuelt har behov for morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skulen må ha ein kjent og innarbeidd framgangsmåte som sikrar dette.

Elevar med vedtak om særskild språkopplæring skal få kartlagt norskferdigheitene sine undervegs i opplæringa.

Skulen skal òg kartleggje eleven undervegs i opplæringa når eleven får særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8, dette for å vurdere om eleven har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følge den vanlege opplæringa på skulen. Skulen må gjere ei individuell vurdering av tidspunktet for denne kartlegginga.

6.2 Fylkesmannens undersøkingar

I botn for vurderingane ligg svar frå EVS og intervju, og *Rutine for vurdering av trong for særskilt språkopplæring*.

6.3 Fylkesmannens vurderingar

Det er ikkje fatta enkeltvedtak om særskilt språkopplæring for elevar på Bokn skule og barnehage dei to siste åra, noko som har gjort det vanskeleg å vurdere om *Rutine for vurdering av trong for særskilt språkopplæring* er ein innarbeidd rutine. I tilbakemeldinga etter førebels tilsynsrapport hevder kommunen at det ikkje har vore elevar det har vore aktuelt å kartleggje dei siste åra. Fylkesmannen vel å leggje dette til grunn, og at rutinen skulen har, vil bli nytta når kommunen får minoritetsspråklege elevar med rett til særskilt språkopplæring. Fylkesmannen vil halde fram dei kommentarane vi gav i førebels rapport og peiker på følgjande: Kriteria for å ha rett til særskilt språkopplæring er todelt, jf. § 2-8 i opplæringslova. Eleven skal for det fyrste ha eit anna morsmål enn norsk, og han eller ho skal vurderast til ikkje å ha utbytte av opplæringa på norsk. Det er altså ikkje same kriterium i vurderinga her som ved rett til spesialundervisning. Det er ikkje krav til å utarbeide IOP for elevar med vedtak om særskild språkopplæring, men innhaldet i opplæringa, og eventuelle avvik frå

ordinær fag- og timefordeling, skal gå klart fram i sjølve vedtaket. Det som her er kommentert bør inn i rutinen til kommunen.

6.4 Fylkesmannens konklusjon

Rektor sikrar

- at skulen har ein implementert rutine for å kartleggje elevane sin dugleik i norsk
- at skulen har implementerte rutinar for å vurdere om elevar med rett til særskilt språkopplæring, også kan ha behov for tospråkleg fagopplæring eller opplæring i morsmålet
- at elevar med særskilt språkopplæring blir kartlagde undervegs

Del 2 – Forvaltningskompetanse – avgjerder om særskilt tilrettelegging

7. Generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak

7.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava som gjeld generelt for saksbehandling av enkeltvedtak. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og/eller forvaltningslova krava er knytte til.

Elevar og foreldre skal varslast før det blir gjort enkeltvedtak om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet.

Dersom foreldra eller elevane ikkje allereie har uttalt seg i saka, skal dei varslast før skulen gjer eit vedtak. Dei skal ha høve til å uttale seg innan ein nærmare fastsett frist, jf. forvaltningslova § 16. Skulen skal gje førehandsvarslet skriftleg.

Varslet til foreldra gjeld for elevar under 18 år. Når eleven er over 15 år, skal skulen varsle eleven sjølv om eleven er representert av foreldra. Skulen kan la vere å varsle dersom eleven eller foreldra har

- søkt eller bedt om vedtaket
- hatt høve til å gje sine synspunkt i saka
- fått kjennskap på annan måte til at skulen skal gjere eit vedtak og har hatt rimeleg tid til å uttale seg

Førehandsvarslet skal gjere greie for kva saka gjeld, og gje opplysningar om kva føresegner i lova vedtaket byggjer på, og kva forhold rundt eleven sin skulesituasjon som er grunnlaget for vedtaket.

Førehandsvarslet skal innehalde det som er nødvendig for at elevar og foreldre kan ta vare på interessene sine på ein forsvarleg måte, jf. forvaltningslova § 16. Varslet må derfor innehalde dei faktiske forholda: Kva det varsla vedtaket vil innebere for eleven, kva for type avvik frå ordinær opplæring det dreier seg om og kva forhold som er grunnlaget for vedtaket.

Enkeltvedtaket skal innehalde grunngjeving for vedtaket ved å vise til heimelen, faktiske forhold som er lagde til grunn, og kva for omsyn som er vektlagde.

Eleven eller foreldra har rett til å klage på enkeltvedtaket. For å gi eleven eller foreldra ei reell høve til å argumentere for sitt syn, må vedtaket vere skriftleg og grunngjeve, jf. forvaltningslova §§ 24 og 27. Grunngjevinga skal vise til dei reglar og faktiske forhold vedtaket byggjer på, og kva for omsyn skulen har lagt mest vekt på, jf. forvaltningslova § 25. Skulen treng ikkje å grunngje vedtaket dersom vedtaket godkjenner ein søknad, og skulen ikkje har grunn til å tru at eleven og foreldra vil vere misnøgde med vedtaket.

Enkeltvedtaket skal innehalde informasjon om høve til å klage, klagefrist, klageinstans og framgangsmåte ved klage.

Det er eit krav at brevet med enkeltvedtaket skal opplyse om dei formelle forholda som gjeld dersom eleven eller foreldra vil klage, jf. forvaltningslova § 27. Nærmare reglar for saksbehandling ved klage går fram av forvaltningslova § 27-32. Skulen må opplyse om at klagefristen er tre veker frå eleven eller foreldra fekk vedtaket, at klagen skal sendast til skulen, og kven som er klageinstans. Klageinstans ved dei ulike aktuelle typar enkeltvedtak går fram av opplæringslova § 15-2.

Enkeltvedtaket skal innehalde informasjon om retten til å sjå saksdokumenta.

Foreldra og elevane har rett til å gjere seg kjende med dokumenta som inngår i saka, jf. forvaltningslova § 27. Brevet om enkeltvedtaket skal informere om denne retten. I nokre tilfelle har skulen grunn til å gjere unntak frå innsynsretten. Nærmare om innsynsretten og unntak frå innsyn går fram av forvaltningslova §§ 18 og 19.

7.2 Fylkesmannens undersøkingar

Bokn skule har lagt fram sakkunnige vurderingar og vedtak om spesialundervisning for to elevar. Desse, saman med skriftlege rutinar, svar i eigenvurderingsskjema (EVS) og intervju dannar grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.

7.3 Fylkesmannens vurderingar

Som det går fram av dei rettslege krava ovanfor, skal elevar og foreldre varslast før det blir fatta enkeltvedtak om avvik frå det ordinære opplæringstilbodet. For Bokn skule sin del gjeld dette varsling av enkeltvedtak om spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova, og varsling av enkeltvedtak om særskilt språkopplæring etter § 2-8 i opplæringslova. Bokn skule nyttar *Rutine for handsaming av einskildvedtak* utarbeidd av Kommuneforlaget AS. Denne inneheld informasjon om forhåndsvarsling, kva varselet skal innehalde og at rektor har ansvar for å ivareta dette kravet. Her er det presisert at barn over 15 år også skal få skriftleg varsel. Ifølgje rektor sine svar i eigenvurderingsskjemaet (EVS) blir rutinen følgd.

Det går også fram av EVS at skulen ikkje fattar enkeltvedtak om spesialundervisning utan at det ligg føre ei sakkunnig vurdering som dei føresette har samtykka til. Ifølgje *Rutine for vurdering av spesialundervisning*, også utarbeidd av Kommuneforlaget AS, skal rektor/kontaktlærer kontakte eleven sine føresette før dei ber PPT utforme sakkunnig vurdering. Foreldra skal også skrive under på tilvisingsskjemaet til PP-tenesta. Det står vidare

i *Rutine for vurdering av spesialundervisning* at «Før skulen fatter enkeltvedtak om spesialundervisning skal foreldrene/eleven samtykke». Bogn skule har lagt fram to vedtak om spesialundervisning for tilsynet. Begge vedtaka inneheld eit avsnitt om korleis foreldra er blitt varsla og gitt høve til å uttale seg før vedtaket blei fatta. Etter Fylkesmannen si vurdering inneber dette at foreldre får kjennskap til at Bogn skule vil fatte eit vedtak om spesialundervisning, og at dei får rimeleg tid til å uttale seg om vedtaket.

Når det gjeld varsling av enkeltvedtak om særskilt språkopplæring, går det fram av *Rutine for vurdering av trong for særskilt språkopplæring* som skulen nyttar, at foreldra/eleven skal samtykke før vedtak blir fatta. Det blir elles vist til *Rutine for handsaming av einskildvedtak*. I følgje intervju har det ikkje tidlagare vore rutiner eller praksis for å fatte slike vedtak. Rutinen er nå på plass, og i følgje intervju vil rutinen bli følgd. Basert på dei skriftlege rutinane skulen nyttar, intervju og skulen sin praksis vedrørende enkeltvedtak om spesialundervisning etter § 5-1, vurderer Fylkesmannen at foreldra ville fått kjennskap til det dersom skulen fatta eit vedtak om særskilt språkopplæring, og i så tilfelle fått rimeleg tid til å uttale seg om vedtaket.

Enkeltvedtak skal vere skriftlege. Bogn skule fattar skriftlege enkeltvedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1. Basert på skulen sine rutiner for enkeltvedtak, er Fylkesmannen si vurdering at når skulen fattar vedtak etter opplæringslova § 2-8, vil også desse vere skriftlege.

Det går vidare fram av dei rettslege krava at eit enkeltvedtak skal innehalde grunngiving for vedtaket ved å vise til lovheimelen. I begge vedtaka om spesialundervisning står det at heimelen for vedtaket er § 5-1 i opplæringslova. Innhaldet i lovparagrafen er også gjengitt i vedtaka. Når det gjeld heimelen for vedtak om særskilt språkopplæring, kan det vanskeleg verifiserast at Bogn skule oppgir dette i vedtak når dei pr. i dag ikkje har fatta vedtak. Det står i *Rutine for handsaming av einskildvedtak* at «det skal visast til lovheimel» i alle enkeltvedtak. *Rutine for einskildvedtak om særskilt språkopplæring* viser igjen til dei rettslege krava som står i *Rutine for handsaming av einskildvedtak*. Basert på dei skriftlege rutinane, intervju og skulen sin praksis knytt til enkeltvedtak om spesialundervisning etter § 5-1, vurderer Fylkesmannen at heimelen vil bli oppgitt når skulen fattar vedtak etter § 2-8 i opplæringslova.

Dei neste krava til grunngivinga er at ho skal innehalde dei faktiske forholda som er lagt til grunn i enkeltvedtaket, og vise kva omsyn som er vektlagde. Informasjon om desse krava står i *Rutine for handsaming av einskildvedtak*. Ved enkeltvedtak om spesialundervisning kan det, dersom den sakkunnige vurderinga er klar, vere tilstrekkeleg å vise til denne. For at dette kravet skal vere oppfylt, må ho tilfredsstille dei innhaldsmessige krava i opplæringslova § 5-3 første og andre ledd. Vedtaka skulen har lagt fram for tilsynet viser til sakkunnig vurdering. I eit av tilfelle blir ikkje sakkunnig vurdert som klar nok. Fylkesmannen si oppfatning er derfor at Bogn skule ikkje har grunngitt enkeltvedtaka om spesialundervisning.

For enkeltvedtak om særskilt språkopplæring gjeld dei same formelle krava som for vedtak om spesialundervisning, bortsett frå kravet til sakkunnig vurdering. Kravet er i staden at eleven sin norskkunnskap skal kartleggjast, og resultatet frå kartlegginga skal tene som grunngiving for vedtaket. *Rutine for handsaming av einskildvedtak* og *Rutine for einskildvedtak om særskilt språkopplæring* inneheld riktig informasjon om krava til

grunngeving av vedtak om særskilt språkopplæring. Intervju viser at kartlegging er tenkt gjennomført i slike tilfeller.

Dei rettslege krava viser at eit enkeltvedtak skal innehalde informasjon om høve til å klage, klagefrist, klageinstans, framgangsmåte ved klage og informasjon om retten til å sjå saksdokumenta. Dei ulike rutineane for fating av enkeltvedtak og vedtaka om spesialundervisning som skulen har lagt fram inneheld dette. Fylkesmannen vurderer at den same informasjonen også vil bli oppgitt når skulen fattar vedtak etter § 2-8 i opplæringslova.

7.4 Fylkesmannens konklusjon

- Bokn skule tilfredsstillar kravet i forvaltningslova § 16 om førehandsvarsling av enkeltvedtak
- Bokn skule grunngir ikkje alltid enkeltvedtak om spesialundervisning
- Bokn vil ved behov kartleggje norskkunnskapen til minoritetsspråklege elevar, og dermed grunnge vedtaket om særskilt språkopplæring
- Bokn skule informerer om høve til å klage, klagefrist, klageinstans, og framgangsmåte ved klage i enkeltvedtak
- Bokn skule informerer om retten til å sjå saksdokumenta i enkeltvedtak

8. Enkeltvedtak om spesialundervisning

8.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava i tilsynet som gjeld for enkeltvedtak om spesialundervisning. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og/eller forvaltningslova krava er knytte til. Krava kjem i tillegg til dei generelle saksbehandlingsreglane som er omtalte over i kapittel 3.

Foreldre / elevar over 15 år skal gje samtykke før det blir sett i gang utgreiing av behovet for spesialundervisning.

Skulen må få samtykke frå foreldra til elevar over 15 år før PPT set i gang ei sakkunnig vurdering av behovet for spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-4. Elevar som har fylt 15 år, skal sjølv gje samtykke i saker om spesialundervisning og om at foreldra skal bli orienterte (føresetnaden er at eleven er samtykkekompetent) . Dersom foreldra/eleven sjølv har bedt om spesialundervisning, ligg samtykket implisitt i søknaden.

Foreldra/eleven skal ha høve til å uttale seg om innhaldet i ei sakkunnig vurdering før enkeltvedtaket blir gjort.

Foreldra har rett til å gjere seg kjende med innhaldet i den sakkunnige vurderinga og til å uttale seg før skulen gjer eit enkeltvedtak, jf. opplæringslova § 5-4. Skulen kan gje avgrensingar i denne retten, jf. forvaltningslova § 19 og reglane om teieplikt. Skulen og PPT har ansvar for at samarbeidet med eleven og foreldra blir teke hand om på ein god måte på dei ulike trinna i prosessen. Foreldra må få sjå den sakkunnige vurderinga og få rimeleg tid til å uttale seg om innhaldet.

Elevar som etter sakkunnig vurdering har behov for spesialundervisning, skal ha eit enkeltvedtak.

Etter den sakkunnige vurderinga må skulen gjere eit vedtak. Dette gjeld både dersom skulen meiner at eleven har rett til spesialundervisning, og dersom skulen ikkje gjer det. Kravet om enkeltvedtak gjeld både når PPT tilrår spesialundervisning, og når dei ikkje tilrår dette. Ei avgjerd om spesialundervisning gjeld rettar for ein bestemt person og er derfor eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V.

Avvik frå ei sakkunnig vurdering skal grunngjevast i enkeltvedtaket.

Dersom skulens vedtak avvik frå den sakkunnige vurderinga, må skulen grunngje dette. Grunngjevinga skal vise kvifor eleven likevel får eit opplæringstilbod som oppfyller elevens rett til spesialundervisning, jf. opplæringslova § 5-3. Skulen må få klart fram kva avviket består i, og kva opplæringstilbodet inneber for eleven. Grunngjevinga må vere slik at foreldra forstår kva for vurderingar som ligg til grunn for at skulen ikkje følgjer tilrådinga i den sakkunnige vurderinga.

Enkeltvedtaket skal innehalde opplysningar om kva for omfang, innhald og organisering spesialundervisninga skal ha, og kompetansekrav for dei som skal gjennomføre opplæringa.

Den sakkunnige vurderinga skal ta stilling til kva som gjev eit forsvarleg opplæringstilbod, til innhaldet i opplæringa og gjere greie for andre særlege forhold som er viktige for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-3. Skulens vedtak om spesialundervisning skal byggje på den sakkunnige vurderinga. Enkeltvedtaket må vise tal på timar med spesialundervisning, fag/område for spesialundervisninga, om det skal vere avvik frå LK06, korleis opplæringa skal organiserast, og kva for kompetanse personalet skal ha.

8.2 Fylkesmannens undersøkingar

Bokn skule har lagt fram sakkunnige vurderingar og vedtak om spesialundervisning for to elevar. Desse, saman med skriftlege rutinar, eigenvurderingsskjema (EVS) og intervju dannar grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.

8.3 Fylkesmannens vurderingar

Av dei rettslege krava går det fram at foreldre skal gi samtykke før det blir sett i gang utgreiing av behov for spesialundervisning. Det går også fram av krava at elevar over 15 år sjølve skal gi samtykke i saker som gjeld spesialundervisning. Som tidlegare nemnt skal foreldra til elevar på Bokn skule og barnehage skrive under på tilvisingsskjemaet til PP-tenesta. Det burde vore eit felt i innmeldingsskjemaet der elevar over 15 år skal skrive under. Det står samtidig i *Rutine for vurdering av spesialundervisning* at både foreldre og elevar over 15 år skal samtykke til oppmelding til PPT. Etter Fylkesmannen sin vurdering sikrar dette at foreldre og elevar over 15 år gir samtykke før det blir sett i gang utgreiing av behov for spesialundervisning.

Foreldre eller elevar skal også ha høve til å uttale seg om innhaldet i ei sakkunnig vurdering før enkeltvedtak blir gjort. Ifølgje *Rutine for einskildvedtak om spesialundervisning* som skulen nyttar, sender PPT kopi av sakkunnig vurdering direkte til foreldra. Begge

enkeltvedtak vi har motteke viser at foresette er tilsendt sakkunnig vurdering før vedtak blei fatta og at dei fekk høve til å uttale seg. I rutinen står det ikkje direkte at elevar over 15 år også skal motta sakkunnig vurdering og få høve til å uttale seg om denne. Det står likevel at «*Alle elevar over 15 skal (..) høyrast på likt grunnlag som foreldra under utarbeiding av vedtak og IOP.*». Det kunne med fordel stått meir presist at elevar over 15 år skal motta og få høve til å uttale seg om sakkunnig vurdering. Fylkesmannen finn likevel at både elevar og foreldre sin rett til å sjå og uttale seg om sakkunnig vurdering er ivareteken.

Som det går fram av dei rettslege krava ovanfor, må skulen gjere vedtak etter at ei sakkunnig vurdering er utarbeidd. Kravet om enkeltvedtak gjeld både når PPT tilrår spesialundervisning, og når dei ikkje tilrår dette. Skulen sine rutiner for fatting av enkeltvedtak, vedtaka om spesialundervisning som skulen har lagt fram for tilsynet, informasjon gitt i eigenvurderingsskjemaet (EVS) og intervju viser at enkeltvedtak blir fatta når det er utarbeidd ei sakkunnig vurdering.

Det er eit rettsleg krav at avvik frå sakkunnig vurdering skal bli grunnleggjande i enkeltvedtaket. Begge vedtaka vi har motteke er i tråd med sakkunnig vurdering når det gjeld timar som blir tildelte, og kompetansen til den som skal gjennomføre opplæringa. Skulen sine rutiner, samt EVS og intervju viser at eventuelle avvik frå sakkunnig vurdering når det gjeld timetal og kompetansekrav blir grunnleggjande i enkeltvedtaket.

Eit enkeltvedtak skal også innehalde opplysningar om kva omfang, innhald og organisering spesialundervisninga skal ha. Når det gjeld omfang av spesialundervisning, er dei tildelte timane i enkeltvedtaka som nemnt i samsvar med tal på timar i sakkunnig vurdering. Enkeltvedtaket er likevel ikkje klart på kva timetalet faktisk inneber. Det blir nytta både omgrepet *årstimar*, som utgjer ein klokke time på 60 min, og *veketimar* som til vanleg viser til ein undervisningstime på 45 min. For at vedtaket skal vere lett for foreldre og elevar over 15 år å forstå, tilrår vi at skulen vel ein av desse måtane å omtale timetalet på i sine vedtak. Når Fylkesmannen reknar ut tal på undervisningstimar, så ser vi likevel at desse stemmer overens med tala på årstimar.

Fordelinga av spesialundervisning på ulike fag i vedtaka er i tråd med sakkunnig vurdering. Det er også organiseringa av spesialundervisninga, f.eks. bruk av grupper, individuelt arbeid, daglege økter og liknande.

Når det gjeld innhaldet i enkeltvedtaka samanlikna med sakkunnig vurdering, finn vi at det er avvik frå sakkunnig vurdering som ikkje er gitt i enkeltvedtaket. Dette gjeld f.eks. bruk av enkelte metodar, enkelte mål i sakkunnig vurdering som ikkje er tatt med i vedtaket og liknande. Samtidig viser vedtaka til sakkunnig vurdering når det gjeld innhald og organisering. Innhaldet i enkeltvedtaka er såleis i tråd med sakkunnig vurdering, men for at vedtaket skal vere lettare for foreldre og elevar over 15 år å forstå, tilrår vi at skulen gir ei meir utfyllande omtale av innhaldet i spesialundervisninga i sine enkeltvedtak.

8.4 Fylkesmannens konklusjon

- Boken sikrar at foreldre og elevar over 15 år gir samtykke før det blir sett i gang utgreiing av behovet for spesialundervisning

- Bogn skule har ein skriftleg rutine som sikrar at eleven eller foreldra får høve til å uttale seg om innhaldet i den sakkunnige vurderinga før enkeltvedtak blir fatta
- Bogn skule fattar enkeltvedtak etter at sakkunnig vurdering er utarbeidd
- Enkeltvedtak om spesialundervisning inneheld grunngeving for eventuelle avvik frå den sakkunnige vurderinga
- Enkeltvedtaket inneheld opplysningar om
 - tal på timar med spesialundervisning
 - fag/område
 - organisering av spesialundervisninga
 - kompetansekrav for dei som skal gjennomføre spesialundervisninga

9. Enkeltvedtak om særskild språkopplæring

9.1 Rettslege krav

Nedanfor har vi opplyst om dei rettslege krava i tilsynet som gjeld for enkeltvedtak om særskild språkopplæring. Vi viser òg til kva for reglar i opplæringslova og/eller forvaltningslova desse krava er knytte til. Krava kjem i tillegg til dei generelle saksbehandlingsreglane som er omtalte over i kapittel 3.

Elevar som har rett til særskild språkopplæring, skal ha eit enkeltvedtak.

Elevar med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følgje ordinær opplæring i skulen, jf. opplæringslova § 2-8. Om nødvendig har elevane òg rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Skulen må syte for å kartleggje norskferdigheiter før skulen vedtek særskild språkopplæring. Ei avgjerd om særskild språkopplæring gjeld rett for ein bestemt person og er derfor eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V.

Enkeltvedtaket skal innehalde opplysningar om omfanget av opplæringa, kva for læreplanar eleven skal følgje og organiseringa av opplæringa.

Eleven skal kartleggjast før vedtak om særskild språkopplæring, jf. opplæringslova § 2-8 eller. Kartlegginga vil danne grunnlag for å vurdere behovet for språkopplæring og for å kunne ta stilling til omfanget (talet på timar og kor lenge), for kopling mot ordinær opplæring og eventuelt behovet for tospråkleg opplæring i fag eller morsmålsopplæring.

Skuleeigaren må òg ta stilling til kva for læreplan eleven skal bruke: læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar, eller ordinær læreplan i norsk. Skulen skal bruke ein eigen læreplan for morsmålsopplæring for elevar som får slik opplæring.

Organiseringa må gå klart fram av vedtaket. Kommunen kan organisere tilbodet om særskild språkopplæring i egne grupper for nykomne elevar i inntil to år, jf. opplæringslova § 2-8. Vedtak kan berre gjerast for eitt år om gongen. Det er en føresetnad at skulen vurderer at egne grupper er det beste for eleven. Denne vurderinga må komme fram av vedtaket. I vedtaket kan skulen òg gjere avvik frå læreplanverket.

Det må til eit enkeltvedtak om stans i særskild språkopplæring når eleven blir overført til den ordinære opplæringa.

Skulen må kartlegge elevar som får særskild språkopplæring, undervegs i opplæringa, jf. opplæringslova § 2-8. Dette for å vurdere om elevane har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å følgje ordinær opplæring på skulen. Før skulen overfører eleven til å følgje ordinær opplæring, må skulen gjere eit enkeltvedtak om stans i særskild språkopplæring. Dette gjeld rettar for ein bestemt person og er derfor eit enkeltvedtak, jf. forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V.

9.2 Fylkesmannens undersøkingar

Skriftlege rutinar, eigenvurderingsskjema og intervju dannar grunnlaget for Fylkesmannen sine vurderingar og konklusjonar.

9.3 Fylkesmannens vurderingar

Som det går fram av dei rettslege krava ovanfor, skal elevar som har rett til særskild språkopplæring ha eit enkeltvedtak. Så langt har Bokn skule ikkje fatta enkeltvedtak om særskilt språkopplæring. Som nemnt har Bokn skule ifølgje intervju ikkje tidlegare hatt rutinar eller praksis for å fatte slike vedtak. Rutinen er nå på plass, og vil ifølgje intervju nå bli følgd. Vi viser for øvrig til drøftinga under kapittel 6 i del 1 i rapporten.

9.4 Fylkesmannens konklusjon

- Bokn skule vil fatte enkeltvedtak om særskilt språkopplæring ved behov
- Enkeltvedtak vil innehalde opplysningar om omfanget av opplæringa, kva for læreplanar eleven skal følgje og organiseringa av opplæringa
- Bokn skule vil kartlegge elevar sin norskkunnskap undervegs i opplæringa
- Bokn skule vil fatte enkeltvedtak dersom særskilt språkopplæring skal opphøyre

10. Frist for retting av lovbrøt

Fylkesmannen har i kapitla 3, 4 og 7 konstatert lovbrøt. I denne rapporten får Bokn kommune frist til å rette lovbrøt, jf. kommunelova § 60 d.

Frist for retting er 31.03.2016. Kommunen må innan denne datoen sende Fylkesmannen ei erklæring om at det ulovlege forholdet er retta, og ei utgreiing om korleis lovbrøtet er retta.

Dersom lovbrøt ikkje er retta innan den fastsette fristen, vil Fylkesmannen vedta pålegg om retting. Eit eventuelt pålegg om retting vil ha status som enkeltvedtak og kan klagast på, jf. forvaltningslova kapittel VI.

Følgjande pålegg er aktuelle å vedta etter utløpet av rettefristen i denne rapporten:

Del 1

Skulens arbeid med opplæring i fag

Pålegg 1

Bokn kommune må syte for at arbeidet med individuelle opplæringsplanar ved Bokn skule og barnehage er i samsvar med opplæringslova §§ 5-1 og 5-5.

Bokn kommune må i samband med dette sjå til at:

- a. Innhaldet i IOP samsvarar med enkeltvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa, medrekna når det er gjort avvik frå LK06.

Undervegsvurdering for å auke eleven sitt læringsutbytte

Pålegg 2

Bokn kommune må syte for at den individuelle undervegsvurderinga ved Bokn skule og barnehage medverkar til at elevane får realisert mogleheitene sine til å nå måla for opplæringa, jf. opplæringslova § 5-5 og forskrift til opplæringslova §§ 3-1, 3-2, 3-11, 3-12 og 3-13.

Bokn kommune må i samband med dette sjå til at:

- b. Lærarane syter for å involvere elevane i vurderinga av eige læringsarbeid.

Del 2

Generelle saksbehandlingsreglar for enkeltvedtak

Pålegg 3

Bokn kommune må syte for at saksbehandlinga ved Bokn skule og barnehage oppfyller krava til enkeltvedtak i forvaltningslova, jf. forvaltningslova §§ 24, 25 og 27.

Bokn kommune må i samband med dette sjå til at:

- f. Enkeltvedtaket inneheld informasjon om
 - faktiske forhold som er lagde til grunn
 - kva for omsyn som er vektalde

Enkeltvedtak om særskild språkopplæring

Pålegg 4

Bokn kommune må syte for at Bokn skule og barnehage ved behov for og stans av behov for særskild språkopplæring oppfyller forvaltningslova § 2 og kapittel IV og V og opplæringslova § 2-8.

Bokn kommune må i samband med dette sjå til at:

- g. Det blir gjort enkeltvedtak for elevar som har rett til særskild språkopplæring.
- h. Enkeltvedtaket inneheld opplysningar om
 - tal på timar med særskild språkkopplæring
 - kva for ein læreplan eleven skal følgje
 - organisering av den særskilte språkopplæringa, medrekna om opplæringa skal gå føre seg på ein annan skule
- i. Det blir gjort enkeltvedtak om stans av særskild språkopplæring når eleven blir overført til den ordinære opplæringa

11. Kommunen sin frist til å rette

Som nemnt i kapitla 1 og 10 ovanfor, har kommunen fått ein frist for å rette dei ulovlege forholda som er konstaterte i denne rapporten.

Frist for tilbakemelding er 31.03.2016.

Kommunen har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Una Bjørnseth Haugen
tilsynsleiar

Gro Sevheim
rådgjevar

Monica Mannes
rådgjevar

Vedlegg: Dokumentasjonsgrunnlaget

Følgjande dokument inngår i dokumentasjonsgrunnlaget for tilsynet:

- EVS frå rektor
- EVS frå faglærer i norsk
- EVS frå faglærer i matematikk
- EVS frå faglærer i naturfag
- EVS frå spesialpedagogisk ansvarleg
- *Rutine for utarbeiding av vekeplanar ved Bokn skule*
- *Rutine for utarbeiding av halvårsplanar ved Bokn skule*
- *Rutine for elevsamtale*
- *Rutine for elevvurdering ved Bokn skule*
- *Rutine for utarbeiding av IOP*
- *Rutine for einskildvedtak om spesialundervisning*
- *Rutine for vurdering av spesialundervisning*
- *Rutine for vurdering av trong for særskilt språkopplæring*
- Sakkunnig vurdering for to elevar skuleåret 2015/2016
- Enkeltvedtak for to elevar skuleåret 2015/2016
- Individuell opplæringsplan for to elevar skuleår 2015/2016

Det vart gjennomført tilsyn på staden 28.10.2015.

Det var intervju med:

- Rektor Wenche L. Havikbotn
- Spesialpedagogisk ansvarleg
- Faglærer i norsk
- Faglærer i naturfag
- Elevar i 9.trinn